# Hoppar for harde livet



**LEIKNES-ELEVANE:** - Vi hoppar for å vinna, seier ivrige Leiknes-elevar.

**LINDÅS: Leiknes-elevane legg både kropp og sjel i Folkehelsa sin store hoppetau-konkurranse.**

**- Kjempemoro, vi skal vinna, seier elevane samstemt.**

ARTHUR KLEIVELAND

Frå 2. til 13. mai hoppar 15 520 elevar på 194 skular i Hordaland for eit sunt hjarte. "Hopp for hjertet" er Nasjonalforeninga for folkehelsa sin hoppetau-konkurranse som engasjerer i alt 137 000 barneskule-elevar frå 4.-7. klasse i heile landet. I Nordhordland er 17 barneskular med i konkurransen.

### "Hopp for hjertet"

Målet med "Hopp for hjertet" er å visa korleis fysisk aktivitet både er morosamt og sunt, og samtidig bidreg til å førebygga hjarte- og karsjukdomar.

- Forsking viser at barn sit meir stille og er tyngre enn nokon gong. Vi fryktar at dagens unge kan bli den første generasjonen som vil leva kortare enn sine foreldre, seier professor i hjartemedisin, John Kjekshus.

- Vi må tenkja helsefremjande arbeid i eit langsiktig perspektiv, og ikkje tru at vi kan behandla oss ut av alle problem. Dei folkehelse-utfordringane vi står overfor no kan aldri løysast på operasjonssalen, seier Kjekshus.

### - Det nyttar

Ny forsking viser tydeleg at fysisk aktivitet nyttar. Ein time aktivitet kvar dag i skulen gir effekt, seier ekspertane.

Aldri før har så mange barn vore med i Nasjonalforeninga sin hoppetau-konkurranse, som blir arrangert for sjette gong. Den klassen som brukar mest tid på å hoppa tau i friminuttane stikk av med sigeren.




LIVSSTILSENTERET TRIM, TERAPI & TRENING,
AVD. KULTURREISER, PÅ MANGER, DEN GRØNE ØYA,
arrangerer neste
Slow Food - studietur, matkulturreise,
til Alba i Langhe-Roero, Piemonte, Nord-Italia, dit Slow Food-rørsla starta, 23. til 26. september.
Med-arrangør Os Reisebyrå og Credex Økonomi.
Omfattande program for mat- og vinkulturopplevingar.
I prisen inkluderer opphald, transport i Italia, mat og drikke: kr. 7100.-
Flybillett, SAS, kr 2580.- (+ avgifter pr. i dag 388.-)
Me reiser med små grupper for å få plass på dei gode restaurantane der turistar vanlegvis ikkje går.
Bindande påmelding
pga at haust=høgsesong er difor mandag 23. mai.
**Info : tlf. 56 37 11 50/414 49 002, spør etter Hans Atle Svenheim og www.trimtrening.no**



Velkomen til vårt
NYE digitale kundesenter
Her finn du informasjon til deg som lesar, abonnent og annonsør.
Klikk inn på den ruta du ønskjer og du vil få meir info.
Du er alltid velkomen til å ta kontakt med oss dersom du ikkje finn det du leitar etter eller ønskjer meir informasjon om oss og våre produkt. Kontakt oss på telefon: 56 35 55 55 eller avisa@nordhordland.no
nordhordland - avisa for distriktet!


# VUS-vener med dugnadsvilje

**RADØY: Utvandringssenteret sine vener har pussa opp kjellaren i Emigrantkyrkja på dugnad.**

- Vi er svært glade for å ha ei stor veneforeining med oss i arbeidet, seier avdelingsleiar Ida Dyrkorn Heierland i Vestnorsk Utvandringssenter.

- Men vi treng fleire, så det er berre til å ta kontakt dersom folk ønskjer å vera med.

Dugnadsgjengen har den seinare tida vore aktive med oppussing av kjellaren i Emigrantkyrkja, som skal vera klar til utstillinga "Lengselens bilder" opnar 28. mai.

### Informasjonskveld

Mandag kveld arrangerte Vestnorsk utvandringssenter informasjonskveld for veneforeininga i Radøystova på Sletta. Om lag 25 personar fekk høyra siste nytt om aktivitetar og framtidsplanar for senteret.

Direktør i Museumssenteret i Hordaland, Atle Ove Martinussen, opna kvelden med å orientera om dei ulike avdelingane i museumssenteret. Vestnorsk utvandringssenter kom inn under Museumssenteret i Hordaland frå og med 2010.

### Skal nå nye grupper

Avdelingsleiar Ida Dyrkorn Heierland fortalde vidare om aktiviteten ved senteret det siste året.

- Vi har lagt vekt på å nå ut til nye målgrupper der barn og unge er eit viktig satsingsområde. Formidling ute på skulane har vore viktig i denne strategien, understreka ho. Mykje har også skjedd på forvaltningssida.

- Vi er no inne i ein registreringsfase, og vi tek sikte på at dei kulturhistoriske gjenstandane skal vera ferdig registrerte innan utgangen av 2011.



**AKTIV VENEFOREINING:** Utvandringssenteret har ei aktiv veneforeining, som no har gjort ein flott jobb med å pussa på kjellaren i Emigrantkyrkja. Her er Kjell Olav Hjellum i aksjon. (FOTO: Vestnorsk Utvandringssenter)

### Aktiv veneforeining

Leiar i veneforeininga, Henrik Kolden tok ordet til slutt og understreka betydninga av ei sterk og aktiv veneforeining. Dugnadsgeneral på Sletta, Oddmund Skjelvik, kunne skriva under på dette.

- Det er ein klar trong for lokalt og regionalt engasjement for å driva senteret vidare, seier han.


Kjøp solskjerming hos oss i mai
og du er automatisk med i trekningen av et gavekort på
10.000,-



GRATIS BEFARING OG PRISTILBUD!
Ring oss i dag eller stikk innom vår nye butikk med stor utstilling i Knarvik!
Markiser – persienner – plissé-, lamell eller rullegardiner. Levegger og varmelamper!



Kristin 92 68 86 62 kristin@scandic.no



Lars Øyvind 97 77 42 00 lars@scandic.no



Nils David 48 81 78 21 nilsdavid@scandic.no

SCANDIC MARKISER PERSIENNER INTERIØR
TOSHIBA Varmepumper
Silhuett
TOTAL SERVICE AS
Kvassnesv. 33, 5914 Isdalstø • Tlf. 56 35 70 80 • fax. 56 35 25 90